

## **Handsaming i Kommunestyret :**

### **Ordførar Dag Vaagen, H sette fram følgjande forslag på vegne av Høgre og Tverrpolitisk liste:**

Sande kommunestyre vedtek å utsette saka til det ligg føre ein evalueringsrapport etter den strukturendring som vart vedteke i sak K-52/18.

- Det vart halde gruppemøte.

### **Camilla Auflem Vik, A sette fram følgjande forslag på vegne av Arbeidarpartiet, Senterpartiet og Venstre:**

1. Sande Ap, Sp og Venstre viser til fleirtalsvedtaket frå 30.10.2018 at ein framleis skal ha 5 skular i Sande.
2. Sande Ap, Sp og Venstre viser til juridisk utgreiing om at Sandsøy og Kvamsøy i dag har ei ordning som ikkje er innanfor lovverket, og vil at alle skular skal ha ein tilstedeverande rektor.

**Marion Flatøy Bringsvor, Frp sette fram fleirtalstilrådinga frå formannskapet.**

### **RØYSTING:**

Formannskapet si tilråding 2 røyster, og fall. (Frp)

Framlegget frå Ap, Sp og Venstre 10 røyster og fall (Uav, Frp, Ap, Sp)

Utsettingsframlegget frå H og Tvp fekk 11 røyster, og vart vedteke.

### **VEDTAK:**

Sande kommunestyre vedtek å utsette saka til det ligg føre ein evalueringsrapport etter den strukturendring som vart vedteke i sak K-52/18.